

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
37/24	Utval for samfunnsutvikling	17.04.2024

### Høyring av planprogram og varsel om planoppstart - Detaljreguleringsplan for "Vassbehandlingsanlegg i Moltudalen"

#### Samandrag:

Formålet med planarbeidet er å legge rammene for opparbeiding av eit nytt vassreinsingsanlegg på Moltufjellet, for å utbetre dagens tilgang og kvalitet på drikkevatn frå drikkevasskjelda Mørkevatnet til noverande abonnentar. Grunnlaget for planarbeidet er lengre tids utfordringar med høgt fargetal (*Frå daudt organisk materiale i Mørkevatnet*) og forsyningsproblematikk med dagens anleggsløysing, som tidvis fører til dårlegare vasskvalitet og brot på vassforsyning til private og offentlege kundar. Nytt anlegg er vurdert å både kunne utbetre kvalitet og forsyningstryggleik, og kan på sikt kunne tilby heile kommunen med drikkevatn av høg kvalitet. Tiltakshavar for planarbeidet er Herøy Vasslag SA, og utførande plankonsulent for oppdraget vil vere Sporstøl arkitekter AS.

Tiltaket vil ikkje vere i tråd med avsett arealbruk i kommuneplanen (*LNF*), og kan ha vesentlege verknadar for ei rekke ulike naturverdiar og fellesinteresser, men vil også kunne ha ein stor mengde positive verknadar for ei rekke ulike brukargrupper. Tiltaket har også stor tilpassingsdyktigheit, med moglegheit for avbøtande tiltak som redusera negative verknadar, og kompenserte tiltak i form av t.d. fjerning av svartlista artar òg framtidig sanering av eldre anlegg. Plankonsulent og tiltakshavar er innstilt på å tilpasse tiltaket for å redusere negative verknadar mest råd, og ein har gjennom oppstartsmøte fått fastsett krav om utarbeiding av planprogram, med detaljert omtale av tema for vidare utgreiing og fysiske rammer mm., for å sikre ein mest mogleg ryddig og informativ prosess

Utfordringane vasslaget har erfart med dagens anleggsløysing har vore pågåande over ei lengre tidsperiode, og har no utløyst krav om tiltak frå Mattilsynet for å unngå negative helseverknadar knytt til forbruk og forsyning av drikkevatn. Det er derfor viktig at prosjektet blir behandla fortløpande, spesielt av omsyn til kommunen sine plikter etter «*folkehelselova*», «*Drikkevassforskrifta*», og kommuneplanen sin gjeldande samfunnsdel for 2030.

#### Utval for samfunnsutvikling 17.04.2024

#### Behandling:

Representant Margareth Leinebø (H) reist spørsmål om eigen habilitet på bakgrunn av at ho er vara til styret i Bergsøy vasslag. ho har ikkje møtt i møter der saka har vore drøfta. Representanten gjekk frå medan utvalet drøfta habilitetsspørsmålet. Utvalet vedtok samrøyttes at representnten ikkje er inhabil. Representant Margareth Leinebø tok igjen plass i utvalet sitt møtet.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

**USU - 37/24 Vedtak**

1. Utvalet for samfunnsutvikling vedtek, jf. Plan - og bygningslova § 4 -1, å legge ut planprogram for «*Detaljreguleringsplan for «Vassbehandlingsanlegg i Moltudalen»*» på høyring samtidig med varsel av oppstart på detaljreguleringa.
2. Kommunedirektøren skal sørge for at innhaldet i planprogrammet og tilhøyrande vedlegg blir kvalitetssikra i samråd med dokumentinnehavar Sporstøl arkitekter AS, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde før høyring blir utført.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Utvalet for samfunnsutvikling vedtek, jf. Plan - og bygningslova § 4 -1, å legge ut planprogram for «*Detaljreguleringsplan for «Vassbehandlingsanlegg i Moltudalen»*» på høyring samtidig med varsel av oppstart på detaljreguleringa.
2. Kommunedirektøren skal sørge for at innhaldet i planprogrammet og tilhøyrande vedlegg blir kvalitetssikra i samråd med dokumentinnehavar Sporstøl arkitekter AS, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde før høyring blir utført.

**Vedlegg:**

Vedlegg 1 - Planprogram, Februar 2024

Vedlegg 2 - Planavgrensing, datert 22.02.2024

Vedlegg 3 - Referat for oppstartsmøte, datert 09.12.2022

Vedlegg 4 - Oppdatert ROS-sjekkliste, datert 23.02.2024

Vedlegg 5 - Krav om tiltak til vassforsyning frå Mattilsynet, datert 06.10.2023

Vedlegg 6 - Løyve til utsepp av spylevatn frå vassanlegg, Statsforvaltaren i M&R, datert 20.04.2023

Vedlegg 7 - Vurdering rundt effekt av planlagt utsepp, Runde miljøseier, datert Oktober 2019

Vedlegg 8 - Konsekvensvurdering for marint miljø, verknad av utsepp av filterrest frå reinseanlegg, Datert August 2022

Vedlegg 9 - Konsekvensvurdering for naturmangfald, Miljøfagleg utredning AS, Datert 22.02.2024

Vedlegg 10 - Kommunestyrevedtak om samanslåing av vassverk, datert 27.10.2016 (K-sak 166\_16)

Vedlegg 11- Førebels illustrasjon av tiltak, Aurvoll & Furesund AS, Datert 14.11.2023

Vedlegg 12 - Godkjenning av tiltak frå Mattilsynet, Datert 16.10.2020

Vedlegg 13 - Vurdering av ny tiltaksplassering for sårbare fuglebestandar, Birdlife Norge AS, Datert 14.02.2024

Vedlegg 14 - Bilete til sakframlegg

Vedlegg 15 - Politisk sak, søknad om dispensasjon for oppføring av vassanlegg, 2020

**Saksopplysningar:**

Herøy Vasslag SA ynskjer å etablere eit nytt reinseanlegg med reservevassbasseng i Moltudalen, tilknytt eksisterande leidningsnett til drikkevasskjelda Mørkavatnet mot søraust. Målet med arbeidet er å opparbeide eit meir moderne behandlingsanlegg for råvatn, som i større grad kan prosessere og fjerne humus frå dagens drikkevasskjelde, noko som i dag har stor innverknad på både kvaliteten av levert drikkevatt og forsyningstryggleiken. I tillegg til dei fysiske tiltaka innanfor planområdet, vil det også gjerast tiltak innanfor eksisterande vassledning (*Ute av drift*) for etablering av utseppsleidning til Moltuvika, der humus frå drikkevassproduksjon kan sleppast ut i kontrollerte former på djupt vatn.

Tiltaket vart opphavleg forsøkt utført gjennom dispensasjonssak, men skal no heimlast gjennom ein ny detaljreguleringsplan. Tiltaket var i utgangspunktet ønska oppført ved dagens anlegg ved gbnr. 60/397 mfl., men har i etterkant blitt flytta til gbnr. 60/32 av omsyn til skredfareproblematikk og bekymringar frå lokalbuande knytt til drenering og overvatn ned mot busetnad. Sporstøl arkitekter AS vil vere utførande plankonsulent på oppdraget.

**Områdeomtale og planstatus:**

Planområdet i sin heilheit strekker seg frå dagens vassanlegg ved Gbnr. 60/397 (*På kote 154 moh.*) og vidare opp til planlagt ny plassering på Gbnr. 60/34 (*På kote 209-213 moh.*), via eksisterande tilkomstveg til dagens vassanlegg og delar av Nygjerdevegen (*Sjå vedlegg 1 og 2*). Planområdet er jamfør NIBIO sine datasett for AR5 registrert som vegareal eller open fastmark, og er noko påverka av menneskelege inngrep gjennom eksisterande vegtrase Nygjerdevegen, høgspenteleidning til Gjerdsvika, gjerdestrukturar tilknytt sauehald, og dagens vassanlegg på gbnr. 60/397 med tilkomstveg (*Figur 1, 8 og 9, vedlegg 14*).

Planlagt utbyggingsområde på gbnr. 60/34 vert ikkje direkte nabo til eksisterande busetnad, då nærmaste hus ligg ca. 650 meter nord for grunneigendommen (*Figur 2 og 5, vedlegg 14*), men vert tilgrensande nabo til vegtrase Nygjerdevegen. På større avstand vert utbyggingsområde elles nabo til fleire friluftslivdestinasjonar, deriblant Storehanen og Selsteinen i aust/søraust, Sættjørna og Storevatnet/Sædalsvatnet i sør, og Grøthornet og Hidsegga i vest mfl. (*Figur 2 og 3, vedlegg 14*). Møre og Romsdal fylkeskommune sin moroturdatabase viser også at registreringa «*Storerunda på Moltu*» i aust vert nabo til tiltaket, i tillegg til andre ruter i datasettet og kartverket sin database for «*Turrutedatabasen*» (*Figur 3, vedlegg 14*).

Arealbruken i Moltudalen styrast av den gjeldande arealdelen for kommuneplanen for 2013-2025, der arealet for både dagens òg framtidig vassbehandlingsanlegg er sett av til LNF. Eksisterande vegtrase Nyggerdevegen er også regulert inn som adkomstveg. Ei faresone for skred (H310) er avsett i aust, men går ikkje innanfor planområdet sin utstrekning. Terreng innanfor og ved dagens òg framtidig vassanlegg dominerast elles av open mark med lokale skogparti, deriblant to større lokale klynger med barskog. Mot nord dominera lauvskog ned mot busetnad på Moltu jamfør NIBIO sine datasett (*Kilden.no*) (*Figur 2, 3 og 5, Vedlegg 14*).

#### **Planlagd arealbruk og moglege verknadar av tiltak:**

Planarbeidet vil opne opp for etablering av eit nytt vassreinsingsanlegg på den aktuelle grunneigendommen (*Gbnr. 60/34, særleg del*), noko som jamfør dokumentasjon frå tiltakshavar og plankonsulent (*Vedlegg 1 og vedlegg 11*) vil innebere fysiske inngrep i form av byggoppføring (*Reinseanlegg*), tilhøyrande anlegg som reservevassstankar og liknande infrastruktur, terrenginngrep i form av jordvollar (*Dempar innsyn*) og vegtilkomst, opparbeiding av nye røytrasear i grøfter langs eksisterande vegbaner (*Ny vassleidning + overvassnett + avløp (humus)*), og til slutt ei omlegging av eksisterande bekk aust for nytt vassbehandlingsanlegg i rør gjennom nordleg jordvoll.

Fysiske tiltak vil også måtte utførast utanfor planområdet, ved utlegging av ny utløpsleidning til botnen av Moltuvika for kontrollert utslepp av humusrestar frå reinsing, men dette vil ikkje medføre ytterligere terrenginngrep gjennom bruk av eksisterande leidningsnett. Eldre vassleidningar vil heller ikkje endrast fysisk, bl.a. for å sikre vern av lokal kystlynghei.

Nytableringa vil ikkje, som for dagens anlegg på gbnr. 60/397, følgje opp arealbruk i kommuneplanen sin arealdel (*Avsett til LNF*), og vil ha ei potensielt stor innverknad på landskapet som det må takast høgde for ved detaljutgreiing. Samtidig vil inngrepsmengda vere veldig konsentrert innanfor den aktuelle byggetomta, med fokusering av tiltak nær eksisterande vegtrase, og det vil føreligge viktige positive ringverknadar knytt til utbetring av drikkevasstilgangen. I vidare delar av delavsnittet vil ein kort gjennomgang av aktuelle naturtilhøve og fellesinteresser, med moglege verknadar av/på tiltaket, bli gitt. Vi viser elles til signert referat for oppstartsmøte i vedlegg 4 for meir detaljar knytt til prosjektet/tiltaket.

- Landskapseffektar:

Det lokale landskapsbiletet er opent, langstrekt, og relativt inngrepsfritt, og har få skjermende strukturar med unntak av lokale parti med barskog og lauvskog. Eitkvart nytt tiltak i slikt terreng vil derfor vere godt synleg på lange avstandar, noko ein får stadfesta gjennom kartanalyser av terreng, der spesielt fjellområda i vest og aust kan verte utsette (*Sjå figur 4, vedlegg 14*). Same analyse (*Radius på 3 km*) viser at busetnad på Moltu lengre nord vert verna, med òg utan effekt av skog og bygningar.

Kor stor innverknaden blir vert heilt avhengig av korleis endeleg løysing vert utforma, og kva tiltak som utførast for å dempe landskapsinngrepet mest råd. Konsulent har i oppstartsmøte uttalt at fleire ulike tiltak vurderast, og det vart diskutert moglegheiter for bl.a. fasadetiltak på både reinseanlegg og tankanlegg, og dempa lyssetting på anlegget. Det vart også diskutert moglegheita for sanering av eldre anlegg når nytt er på plass, noko som går att i tidlegare sakshandsaming når saka vart forsøkt utført gjennom eigen dispensasjon (*MTU-vedtak 114/20, Vedlegg 15*). Alle tiltaka er vurdert å kunne redusere innverknaden, men noko landskapsendring må forventast.

- Naturmangfald:

Både opphavleg planområde ved gbnr. 60/397 og nytt ved gbnr. 60/32 ligger i områder med fleire registreringar av artsmangfald jamfør tenesta «*Artskart*» frå «*Artsdatabanken*», deriblant «*Solblom*», «*Svartstrupe*» og «*Grønnfink*». Frå Miljødirektoratet sin «*Naturbase*»-løysing kan ein vidare sjå at område er dekt av

maskerte artsområde for «Kongeørn», «Vandrefalk», «Havørn», og «Hubro».

Ein sjekk av naturtypekartleggingar etter handbok 13 viser ingen registreringar nær planområdet, men utslippspunkt i Moltuvika (*Sjå vedlegg 1*) vil ligge i ytterkant av skjellsandområde «Herøyfjorden», kartlagd etter handbok 19. Til slutt viser Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sin «GISLINK» nettløysing at dalføra lengre sør (*Ved Storevatnet/ Sædalsvatnet*), og fjellområda mot aust (*Storehanen, selsteinen og Svartelvdalen*), er leveområde og trekkområde for hjort og orrfugl.

Basert på denne informasjonen kan der vurderast å føreligge ein mogleg negativ verknad for både landbasert og marine naturmangfald som følgje at det planlagde tiltaket, og det vil vere viktig med grundige vurderingar av naturtilhøve, effekt av tiltak, og tilpassingar av ny utbygging, for å dempe konsekvensane mest råd.

Tiltakshavar og konsulent har allereie byrja på tilpassingsarbeidet gjennom naturmangfaldskartleggingar, i samråd med Miljøfagleg utredning AS (*Sjå vedlegg 9*), der ein allereie har fått kartlagd bestandar av kystlynghei ved opphavleg anleggsplassering. Kunnskapsinnhenting har også vorte utført gjennom Albicca naturfag v/Alv Ottar Folkestad, for å heve kunnskapsnivå om sårbare fuglebestandar og effekt av planlagt utbygging på desse (*Vedlegg 13*). Til slutt har også Runde miljøsester vore påkopla for å vurdere effekt av utslepp av humus til Moltuvika (*Vedlegg 7 og 9*). I oppstartsmøtet framheva elles plankonsulent at avbøtande/ tilpassande tiltak ville vurderast og implementerast, i samråd med Miljøfagleg utredning AS.

- Friluftsliv:

Som nemnt under punkt for landskapseffektar, er det sannsynleg at tiltaket kan ha ein stor innverknad på landskapsbiletet, der spesielt fjellområda i vest og aust er vurdert å kunne bli påverka visuelt. Desse fjellområda har fleire registreringar av turruter, både i Møre og Romsdal fylkeskommune sin «Morotur»-database, og kartverket sin «Turrutedatabase» (*Figur 3, vedlegg 14*), der fleire vil ligge innanfor synleg avstand til tiltaket jamfør kartanalysar (*Figur 4, vedlegg 14*). Også nærområdet er vurdert å kunne bli påverka, noko som er spesielt viktig for Nygjerdevegen, som verkar til å vere mykje brukt av lokale og tilreisande for korte og meir langvarige turar.

Tiltaket vil sannsynlegvis påverke brukarar i fleire alderstrinn innan dette temaområdet, deriblant barn – og unge, og det vil derfor vere viktig med tilpassande tiltak som sørgjer for minst mogleg negativ innverknad på desse viktige ressursområda for folkehelsa. Tilsvarande tiltak som for punkt for landskap, vurderast som aktuelt her av både administrasjonen, konsulent og tiltakshavar.

- Overvatn og drenering:

Analyser av dreneringstilhøve i og ved planområdet viser at overflatevatn delvis drenera vidare mot Teigeelva/Storelva i vest, og elles vidare mot busetnaden i nord gjennom eksisterande bekkelar. Delar av overflatevatnet blir vendt vekk frå busetnaden av dreneringsgrøfta, som vart opparbeida av NVE i 2018 som flaumsikringstiltak, slik at store vassmengder for det meste blir drenert til det større elveløpet mot vest. Noko av dreneringa vil derimot framleis fortsette nordover langs eksisterande elveløp, via ein kum langs botn av kanalen (*Figur 6, vedlegg 14*).

Administrasjonen har vurdert det som ei moglegheit at auka mengde overflatevatn, som følgje av tiltaket eller lekkasjar på nytt anlegg, kan føre til auka risiko for flaum og erosjon for busetnad i nord og/eller bygg ved elvebreidda i nordvest. Det vil derfor vere viktig at ein tek stilling til tiltaket sine ev. endringar på naturleg drenering, enten som følgje av naturleg nedbør eller anleggslekkasjar, og vurdere korvidt elvenett og sikringstiltak er tilstrekkeleg rusta for å handtere slike større vassmengder.

Konsulent og tiltakshavar informerte i oppstartsmøte at SWECO AS har vorte leigd

inn til å ta stilling til utfordringa, og rapport frå selskapet skal brukast det vidare planarbeidet for å tilpasse endeleg anleggsløysing, med ev. utarbeiding og innføring av ytterligere sikringstiltak for å redusere risiko knytt til flaum og erosjon.

- Skredfare og ustabil grunn:

Jamfør NGUs lausmassekart for denne del av Moltu, er jordtypene stort sett dominert av tjukke og tynne dekker med morene, med marine strandavsetningar i nedre delar ved sjøen (*Udefinert mektigheit*). Marin grense ligger lokalt på ca. 25 meters høgde, og det er derfor lite sannsyn for ustabile massar (*Kvikkleire*) i sjølve planområdet, men det kan førekome lommer med slike avsetningar nærmare sjø der ny utsleppsleidning skal leggjast ut. Samtidig er fysiske tiltak i dette delområdet minimalt jamfør dokumentasjon frå konsulent, og det er derfor lite sannsynleg med utglidingar av skredmateriale (*Kvikkleire*) langs strandsona.

For skred frå bratt terreng (*Snøskred, jord – og flaumskred, og steinsprang*) vil planområdet også for det meste gå klar eksisterande aktsemdskart, med unntak av oppdaterte snøskredkart (*NAKSIN, utarbeida av NGI*), der ytterkanten mot søraust vert liggande innanfor aktsemdssoner for snøskred (*Figur 7, vedlegg 14*). Gitt at dette området ikkje skal brukast til utbygging, jamfør vedlegg 11, vil det nok ikkje måtte utførast sikringstiltak, men konsulent og tiltakshavar bør uansett ta dette inn som del av planarbeidet i tilfelle endringar i utbyggingsform vert aktuelt. Risikoen vurderast uansett som neglisjerbar, og tiltaket vil neppe føre til auka risiko andre stadar.

- Lyngbrann:

Markarealet rundt både opphavleg òg ny føreslått plassering av vassanlegg er i stor grad dominert av både gras – og lyngvegetasjon, med stadvise klynger skog, og kan derfor potensielt vere utsett for lyngbrann som følgje av naturleg tørke. Ved oppføring av nye anlegg vil der alltid kunne vere ein viss risiko for utløyning av brann, som resultat at t.d. gnistar frå sveising, noko som kan ha potensielt store konsekvensar for både nærområdet, bustadområder i nord, og friluftslivsterreng i vest, sør og aust.

For å redusere konsekvensen mest råd vil det derfor vere viktig, som del av planarbeidet, at ein tek førehandsreglar rundt moglegheita for brannutløyning i både anleggsfasen og permanent fase, og utarbeidar òg implementera føringar for vidare arbeid som minimera denne risikotypen. Tiltakshavar og konsulent fremma ikkje eigne forslag til tiltak i oppstartsmøtet, men har inkludert teamet som del av utgreiingsgrunnlaget i vedlagt planprogram for vidare detaljutgreiing.

Støy:

Det er ikkje kjent korvidt dagens anlegg har ein støyinnverknad på nærområdet, men gitt den store verdien Moltudalen har som fritidsområde, vil det vere viktig at lydforureining blir haldt til eit minimum. Administrasjonen har derfor forventa at ein gjennom planarbeidet tek stilling til ev. endringar av lydnivå mellom nytt og gammalt anlegg, og om vurdert som nødvendig, utarbeidar òg innføra avbøtande tiltak for å redusere lydnivået mest råd. I oppstartsmøte kunne tiltakshavar informere om at støy frå slike anlegg som regel var minimalt, men ein ville uansett ta stilling til temaområdet, bl.a. på grunnlag av dokumentasjon frå produsent av vald reinseløysing.

Administrasjonen har til slutt vurdert behov for planprogram og konsekvensutgreiing for den vidare planprosessen. Etter ei lengre drøfting i oppstartsmøtet (*Vedlegg 3*) kom ein fram til at tiltaket kunne innfri krav til utgreiing av eit planprogram etter §4-1 i plan – og bygningslova, men ikkje konsekvensutgreiing etter §8a i «*forskrift for konsekvensutredningar*».

Planprogramkravet er då grunngeve med mengda potensielle vesentlege verknadar av tiltaket for både miljø og samfunn, òg behovet for ein mest mogleg informativ og ryddig planprosess. For konsekvensutgreiing har både administrasjonen og plankonsulent teke stilling til fleire alternativ i vedlegg 2 til forskrifta, men har ikkje funne noko som passar med

planlagde fysiske tiltak, og rammene rundt den planlagde drifta. Dette har vorte drøfta vidare med tilsette i Møre og Romsdal fylkeskommune, for rettleiing på alternativ som kan gi rom for tolking, der administrasjonen fekk stadfesting på vår vurdering etter forskrifta.

Sjølv om det ikkje stillast krav til konsekvensutgreiing, vil det uansett vere viktig at ein diskuterer moglege negative verknadar av inngrepet, og utarbeidar òg innfører avbøtande/kompenserande tiltak for å redusere negative verknadar mest råd. Dette har blitt framlagt til konsulent og tiltakshavar som forventning til vidare planarbeid, og har blitt godt motteke av begge partane, med framheving av utgreiingstema i forslag til planprogram. Konsulent og tiltakshavar har også, som del av arbeidet med tydeleggjering av dokumentasjon og prosess, lagt inn tidlegare utført alternativvurdering for anleggsplasseringar i planprogrammet, med fordelar og ulemper, slik det hadde vorte gjort for ei konsekvensvurdering av tiltaket.

### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren meiner at saka er godt belyst, og at ein gjennom planarbeidet vil kunne sikre at nyetablering av reinseanlegg utførast forsvarleg av omsyn til naboar, fellesinteresser og naturverdiar. Tiltaket vurderast å kunne ha positive ringverknadar knytt til utbetra og meir føreseieleg tilgang til reint drikkevatt etter dagens standardar, med moglegheit for å på sikt kunne forsyne heile kommunen.

I tillegg til positive ringverknadar knytt til drikkevatt, vil nytt anlegg kunne tilby både reinare vatn til bruk i lokale fiskeriverksemdar, òg gi ein utbetra forsyningstryggleik til brannsløkkingsarbeide. Til slutt vil også utarbeidinga av eit eige planprogram vere gunstig for å sikre ein mest mogleg informativ og opplyst planprosess for ålmenta.

Tiltaket er vurdert å kunne påverke fleire fellesinteresser og naturverdiar/-forhold, spesielt knytt til flaum, landskap, naturmangfald og friluftsliv. Det vil derfor vere viktig at tiltakshavar og konsulent tek grundig stilling til kva effektar planlagt utbygging vil ha på både nærområdet, busetnad i nord, og tilgrensande fjellområder i vest, sør og aust, noko som verkar til å vere tilfellet jamfør vedlagt forslag planprogram.

Det vil uansett vere viktig at saka no blir behandla vidare, då utfordringane med drikkevasssituasjonen har vore pågåande over lengre tid, og har medført krav til tiltak frå Mattilsynet i brev den 06.10.2023 (Vedlegg 5). Dette kravet vil også gjelde for kommunen jamfør §28 i «drikkevannsforskriften», kapittel 2 i «folkehelselova», og kommuneplanen sin samfunnsdel for 2030.

### **På dette saksgrunnlaget, gir derfor Kommunedirektøren følgjande tilråding:**

1. Utvalet for samfunnsutvikling vedtek, jf. Plan - og bygningslova § 4 -1, å legge ut planprogram for «*Detaljreguleringsplan for «Vassbehandlingsanlegg i Moltudalen»*» på høyring samtidig med varsel av oppstart på detaljreguleringa.
2. Kommunedirektøren skal sørge for at innhaldet i planprogrammet og tilhøyrande vedlegg blir kvalitetssikra i samråd med dokumentinnehavar Sporstøl arkitekter AS, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde før høyring blir utført.

**Likestillingsmessige sider ved saka:** Ikkje relevant

### **Konsekvensar for folkehelsa:**

Potensielle negative verknadar knytt til nær – og fjernverknadar på friluftsliv, både visuelt, ved lys-forureining og ev. støy. Dette vil vere aktuelt for fleire alderstrinn, deriblant barn – og unge, der spesielt brukarar av Nygjerdevegen i større grad kan bli påverka under anleggsfasen og permanent fase. Alvorsgrad vil variere avhengig av endeleg tiltaksutforming. Også ein mogleg negativ verknad knytt til auka avrenning eller lekkasjar på anlegget, som kan påverke busetnad nedstrøms anlegget.

Tiltaket er elles vurdert å ha store positive verknadar for folkehelsa knytt til utbetra drikkevasstilgang, både mtp. kvalitet og forsyningstryggleik. Dette vil også inkludere effekt for næringsliv som er avhengig av reint vatn til produksjon (T.d. fiskeri), og føreseieleg mengde òg trygg av vatn til brannsløkkingsformål. På sikt kan denne utbetringa verte gjeldande for heile kommunen, om Mørkevatnet i større grad blir brukt som drikkevasskjelde for kommunen sine innbyggjarar.

Basert på rapportgrunnlag frå Runde miljøsepter, er det lite truleg at planlagt utslepp av filterrest i Moltuvika vil ha nokon vesentleg negativ innverknad på dyreliv og folkehelse knytt til sjøområda, då utsleppet får stor grad av uttynning i kort avstand frå utsleppspunktet. Miljørisikoen er derfor vurdert som liten, og tiltaket vil ikkje vere til hinder for oppnåing av miljømål for vassførekomsten.

#### **Miljøkonsekvensar:**

Moglegheit for lokalt negative verknadar for både naturtypar og verna artar, avhengig av endeleg tiltaksutforming. Enkelte registreringar av sårbare artar ved både dagens anleggsplassering og ønska framtidig plassering. Rapport frå Miljøfagleg utredning AS viser at konsekvensnivå for planlagt plassering av nytt vassanlegg, samla sett, gir «noko miljøskade» (-), og fremmar fleire forslag til avbøtande og kompensierende tiltak. Som nemnt under folkehelse, vil også uttynning av utslepp av filterrest i Moltuvika ha liten miljørisiko for naturmangfald, jamfør rapport frå Runde miljøsepter.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Gitt at ny anleggsplassering ikkje medføra auka risiko for nedstraums busetnad, er tiltaket totalt vurdert å ha ein positiv økonomisk verknad knytt til utbetra mengde og kvalitet av drikkevatn. I tillegg til generelle verknadar for folkehelsa òg forsyningstryggleik/kapasitet, vil også auka kvalitet på levert vatn kunne ha positive verknadar for næringslivet, som ikkje lengre trengjer eigne løysingar for å filtrere ut ev. ureinheiter i levert drikkevatn til eigen produksjon. Auka tilgang og trykk på vatn til brannsløkking vil også sikre at verdiar ikkje går tapt ved branntilløp, som følgjer av manglande trykk på hovudleidningsnettet.

Til slutt vil tiltaket kunne legge til rette for ei felles vasskjelde for kommunen sitt drikkevatn, noko som kan gi positiv økonomisk gevinst for drift av kommunen sin vassforsyning, som vidare kan medføre avgrensa auke i kostnad for abonnentar ifølgje vedlagt planprogram.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Positiv verknad, då eit nytt anlegg vil sikre betre forsyningstryggleik for dagens anlegg, ved bl.a. nye reservevasstankar, som kan fungere i nødsituasjonar der tilstrekkeleg vatn til sløkking er nødvendig. Dette vil vidare gjere samfunnet mindre sårbart i situasjonar med høge humusmengder eller andre forstyrringar på nettet, som kan hindre sløkkingsarbeide for brannvesen.

#### **Konsekvensar for barn og unge:**

Sjå folkehelse.

Trond Arne Aglen Kommunedirektør	Vegard Ose Velle Planleggar
-------------------------------------	--------------------------------